LINDÅS KOMMUNE

Spar Seimstrand AS
Lurevegen 88

5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:F8SD8T- Skjemanr.:235 | Tove Mette Arnø Fyllingen | 09.03.2018 |
| Vår: 18/157 - 18/8205 | ftm@lindas.kommune.no | |

# Svar på søknad om salsløyve for alkohol etter eigarskifte

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Spar Seimstrand AS | Lurevegen 88 | 5912 | SEIM |

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 021/18 | Formannskapet | PS | 08.03.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Reidun Sæbdal | | 18/157 |

### Salsløyve etter fisjon - Seimstrand daglegvare AS

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

- I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 2.ledd, og 3-7 blir Seimstrand Daglegvarer AS, organisasjonsnummer 920127002, gitt salsløyve for alkohol med følgjande spesifikasjon:
- Sal ved utsalsstaden: Spar Seimstrand, Lurevegen 88, 5912 SEIM
- Salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- Tidsrom: 08.03.2018 – 30.09.2020
- Styrar: Rune Hindenes
- Avløysar: Arne H Alver
- Som salsareal blir butikklokale godkjent.
- Verksemda må ha godkjenning frå Mattilsynet
- Salstida følgjer forskrift om salstider for alkohol, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

Klage
Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 3 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

**Formannskapet - 021/18**
**FO - behandling:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO - vedtak:**
I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 2.ledd, og 3-7 blir Seimstrand Daglegvarer AS, organisasjonsnummer 920127002, gitt salsløyve for alkohol med følgjande spesifikasjon:

- Sal ved utsalsstaden: Spar Seimstrand, Lurevegen 88, 5912 SEIM
- Salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol

- Tidsrom: 08.03.2018 – 30.09.2020
- Styrar: Rune Hindenes
- Avløysar: Arne H Alver
- Som salsareal blir butikklokale godkjent.
- Verksemda må ha godkjenning frå Mattilsynet
- Salstida følgjer forskrift om salstider for alkohol, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

Klage
Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 3 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

**Saksopplysningar:**
Saka skal til uttale i kontrollutvalet for alkohol
Saka skal avgjerast i Formannskapet.

**Bakgrunn**

Søknaden gjeld nytt salsløyve alkohol med høgst 4.7 volumprosent alkohol , etter fisjon. Spar Seimstrand AS har fisjonert ut daglegvare i eit nytt firma – Seimstrand daglegvarer AS frå 01.02.18.

**Vurdering**
Det ligg føre uttale frå politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter, som ikkje har merknader til søknaden. Saka er førelagt kontrollutvalet for alkohol 26.02.18. Utvalet har ingen merknader. Søknaden blir tilrådd innvilga.

................................